

## Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

**Møtestad:** Adm. bygg Ålesund Sjukehus - Storhornet

**Dato:** 16.10.2023

**Tidspunkt:** 10:00 - 15:00

### Til stades:

Namn

Paula Næss Skår

Leiar

Ann Helene Skare

Nestleiar

Per Øvermo

Medlem

Atle Tangen

Medlem

Ingrid Løset

Medlem

Anne Grete Mogstad

Medlem

Janne Remøy Endresen

Medlem

Lasse Alexander Honningsvåg

Medlem

### Ikkje møtt:

Namn

Kai Knutsen Sivertsen

Medlem

### Frå administrasjonen møtte:

Namn

Ingrid Fiskerstrand

Stilling

Sekretær for brukarutvalet HMR

### Merknad i møte:

Marie Gjengstø (permisjon) deltok via teams i store deler av møtet. Marie er tilbake frå permisjon frå og med brukarutvalsmøte i november.

Pasient- og brukarombodet Hanne Haavde-Stenseth deltok via teams

*Møteprotokollen er godkjend i møtet*

## SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
51/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
52/23	Orientering frå konstituert administrerende direktør
53/23	Orientering - Pårørandeundersøkinga
54/23	Digitale verktøy i brukararbeidet
55/23	Status Helseplattformen
56/23	Styresak - statusrapport september 2023
57/23	Referatsak
58/23	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
59/23	Oppnemning til råd og utval
60/23	Evaluering av Brukarutvalet HMR 2022-2023
61/23	Handlingsplan for Brukarutvalet HMR - status prioriterte tema
62/23	Eventuelt

### 51/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 51/2023 i møte den 16.10.2023

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

### 52/23 Orientering frå konstituert administrerende direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 52/2023 i møte den 16.10.2023

#### Behandling

Konstituert administrerende direktør Heidi Nilsen orienterte mellom anna om desse sakene:

- Statsbudsjettet 2024 - det foreslås 25 mill. kroner til Helse Midt-Norge RHF som skal gå til Helse Møre og Romsdal HF og tiltak i Kristiansund. Midlane er varige og skal gå til å styrke det distriktsmedisinske senteret som skal erstatte Kristiansund sjukehus når nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal står ferdig på Hjelset i 2025. Tilskotet vil legge til rette for nødvendige investeringar for å samle poliklinisk tilbod innan psykisk helsevern ved DMS Kristiansund.
- Hovudinngang - signert og arbeidet startar opp om kort tid.
- Parkeringshus ved Ålesund sjukehus – namn på firma som fekk tilslag om bygging og drifting vil bli offentleggjort i løpet av veka. Ca. 600 p-plasser
- AIO-prosjektet - HMR må ha eit vedtak i vårt styre for å gå vidare - og det endelige vedtaket må gjerast i Helse Midt-Norge.
- Bygget på Mork. Møte med Sjustjerna om eventuelt samhandlingsprosjekt. Ørsta sjukeheim ønsker å leie bygget når sjukeheimen skal byggast om
- MR-bygget - Volda er ferdig og klar til drift etter jul
- SNR Sjukehuset Nordmøre og Romsdal - er i rute i forhold til framdriftsplan
- Samordna Plan. Felles planverk som sikrar forbereding til drift og klinisk ibruktakelse av SNR
- Helseplattformen

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå konstituert administrerende direktør Heidi Nilsen til vitende.

### **53/23 Orientering - Pårørandeundersøkinga**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 53/2023 i møte den 16.10.2023

#### **Behandling**

**GAP undersøking Pårørande 2023 Møre og Romsdal for kommunar og spesialisthelsetenesten** skal identifisere og tilretteleggje for kompetanseutvikling for helsepersonell. Undersøkinga vart orientert om frå avdelingssjef Kari Remø Nesseth frå stab psykisk helse og rus.

#### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå Pårørandeundersøkinga til vitende. Brukarutvalet HMR er einige i at gruppa har gjort ein god jobb med undersøking og ønskjer at funna blir fulgt opp vidare.

### **54/23 Digitale verktøy i brukararbeidet**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 54/2023 i møte den 16.10.2023\

#### **Behandling**

IKT-sjef Odd Arne Maridal møtte i brukarutvalsmøtet for å gjere seg kjend med kva slag digitale utfordringar brukarane har i forhold til det å gjere ein god jobb som brukarrepresentant, både i brukarutvalet og i andre råd og utval dei er representerte i.

#### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal vil arbeide vidare med IKT-sjef Odd Arne Maridal for å finne gode digitale løysingar til brukararbeidet. Administrasjonen vil óg sjå til løysingar som dei andre brukarutvala i Helse Midt-Norge har

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal ber IKT-sjefen om ei eige sak om videokonsultasjonar i brukarutvalsmøtet i november.

## **55/23 Status Helseplattformen**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 55/2023 i møte den 16.10.2023

### **Behandling**

Status Helseplattformen vart presentert av fagleg leiar HP HMR Henrik Erdal.

**Overordna Status** - I henhold til plan

**Framdrift** - I rute

**Risiko** - Tiltak må iverksettes:

- Løysinga må være tilstrekkelig tilpassa til HMR, retting av kritiske feil må vere fullført, og det må være avsatt tilstrekkelig kapasitet i Helseplattformen AS til innføring i Helse Møre og Romsdal.
- Nærhet i tid, samt avhengigheter mellom Helseplattformen og nytt sjukehus på Hjelset
- Tilgjengelighet på ressurser, samt kontinuitet og slitasje på prosjektdeltakere i et langvarig prosjekt.

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek status Helseplattformen til vitende, og ser at det arbeidast godt med innføringa av Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal ønskjer ein plan for ivaretaking av pasientsikkerheten og pasientbehandlinga under innføring av helseplattformen.

Innføringa vil utfordre behandlingsskapiteten og det er viktig med risikovurdering og tiltak. Innføringa vil kunne auke ventelister og fristbrot, og det er viktig med plan for å sikre at pasientane får hjelp når dei treng det, og at det blir gjort forsvarlegheitvurderingar og at pasientar vert henvist til andre når ein sjølv ikkje har kapasitet.

## **56/23 Styresak - statusrapport september 2023**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 56/2023 i møte den 16.10.2023

### **Behandling**

Styresak - statusrapport september 2023 vart presentert av økonomidirektør Trine Sperre

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek statusrapport for september 2023 til vitende.

## **57/23 Referatsak**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 57/2023 i møte den 16.10.2023

### **Behandling**

- Protokoll Brukerutvalget for Sykehusapotekene i Midt-Norge 17.08.2023
- Protokoll Brukerutvalget - St. Olavs 19.09.2023
- Protokoll Brukerutvalget i Helse Nord-Trøndelag 11.09.2023
- Protokoll Regionalt Brukerutvalg -04.09.2023
- Protokoll Regionalt Brukerutvalg -25.09.2023
- Referat møte med Brukarutvalget for SNR, 22.09.23
- Status DMS, brukarutvalget SNR 22.09.23
- Status OU, brukarutvalget SNR 22.09.23
- Status SNR, møte i Brukerutvalget SNR,22.09.23

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende.

## 58/23 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 58/2023 i møte den 16.10.2023

### Behandling

<b>Skår, Paula Næss</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 20.09.23 - Styremøte i HMR</li><li>• 21.09.23 - Styreseminar HMR</li><li>• 22.09.23 - Brukerutvalget for SNR</li><li>• 27.09.23 - Forhandlingsutvalget - helsefellesskap</li><li>• 02.10.23 - Forskningsutvalget HMR</li><li>• 03.10.23 - Arbeidsmøte til BU</li><li>• 05.10.23 - BU-seminar</li></ul>
<b>Skare, Ann Helene</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 19.09.23 - Møte i Barneblikk</li><li>• 20.09.23 - Deltatt i styremøte</li><li>• 21.09.23 - Deltatt på styreseminar.</li><li>• 22.09.23 - Møte brukerutvalget SNR</li><li>• 28.09.23 - Møte klinisk etikkomite</li><li>• 02.10.23 - Møte fagråd Helsefremmende og forebyggende arbeid.</li><li>• 03.10.23 - Møte AU brukerutvalget</li><li>• 04.10.23 - Møte kvalitetsråd kreft og rehabilitering</li><li>• 05.10.23 - Brukerseminar</li><li>• 06.10.23 - Møte Kunstgruppa SNR</li></ul>
<b>Endresen, Janne Remøy</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 18.09.23 - BU HMR. Fysisk</li><li>• 20.09.23 - Fagdag om ivaretagelse av pårørende. Fysisk</li><li>• 22.09.23 – Faglig Samarbeidsutvalg Voksenhabilitering. Teams</li><li>• 28.09.23 - KEK. Teams</li><li>• 03.10.23 - KEK. Fysisk</li><li>• 04.10.23 - Kvalitetsråd for Kreft og Rehabilitering. Teams</li><li>• 05.10.23 - Seminar BU. Fysisk</li></ul>
<b>Atle Tangen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 22.09.23 - BU SNR på Hjelset</li><li>• 28.09.23 - KEK på teams</li><li>• 05.10.23 - Bu-seminar Ålesund Sykehus</li></ul>
<b>Per Øvermo</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 18.09.23 - Brukerutvalget i Møre og Romsdal</li><li>• 12.10.23 - Klinikk for prehospitale tjenester</li></ul>
<b>Anne Grethe Mogstad</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 06.07.23 - KEK. Fysisk oppmøte Molde Sykehus.</li><li>• 22.09.23 - Brukerutvalget SNR Hjelset. Innkalling v/ Ketil Gaupset. Fysisk</li><li>• 28.09.23 - KEK Klinikk etisk komite Innkalling v/ Anne Fasting. Teams</li></ul>
<b>Ingrid Løset</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 20.09.23 - Pårørende konferanse</li><li>• 22.09.23 - Brukerutvalg SNR teams</li><li>• 25.09.23 - Kvalitetsråd psykisk helse og rus.</li><li>• 05.10.23 - Seminar Bu Helse Møre og Romsdal</li></ul>
<b>Lasse Honningsvåg</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 22.09.23 - LSU Ålesund</li><li>• 02.10.23 - Barn og unges helseteneste - Arbeidssamling Molde</li><li>• 04.10.23 - Barn og unges helseteneste - Webinar</li></ul>

**Vedtak** Ingen vedtak

### 59/23 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 59/2023 i møte den 16.10.2023

#### Behandling

Ingen henvendingar om oppnemning til råd og utval

#### Vedtak

Ingen vedtak

### 60/23 Evaluering av Brukarutvalet HMR 2022-2023

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 60/2023 i møte den 16.10.2023

#### Behandling

Brukarutvalet har hatt ei evaluering av arbeidet som er gjort perioden – følgjande områder vart vedteke:

#### Vedtak

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal vedtar forslag til bevaringspunkt og forbetningspunkt.

#### Bevaringsområder:

- Godt miljø i Brukarutvalet HMR med god «takhøgde»
- God og brei representasjon i Brukarutvalet HMR
- Brukarutvalet sine medlemmar opplever at ein blir teken på alvor og har ei reell påvirkning

#### Forbetningsområder:

- Brukarutvalet HMR ønskjer å sette av meir tid til overordna mål og strategiar.
- Brukarutvalet HMR ønskjer meir samarbeid med kommunane

### 61/23 Handlingsplan for Brukarutvalet HMR - status prioriterte tema

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 61/2023 i møte den 16.10.2023

#### Behandling

Leiar i brukarutvalet HMR tok for seg Handlingsplan for Brukarutvalet HMR og status prioriterte tema.

Kontaktlege-ordningen	Tema er framleis under arbeid
Pasientsikkerhet	Fokus i alt Brukarutvalet gjer.
Pakkeforløp/forløpskoordinator	Tema har hatt fokus
Psykisk helse - rus	Fokus via utviklingsplan. Ønskjer meir fokus på rus.
Video/avstandsbehandling	Stadig i fokus
Barn og unge – habilitering	Må følgjast opp

Opplæring av pasienter og pårørende	BU er engasjert i opplæring. Ikkje vore teke som eige tema.
Omdømmebygging – fremme positive pasientopplevelser	Tema til fokus
Helsefellesskap	I fokus i kvart møte
Rehabilitering. Flytting av tilbudet fra Mork til Volda	Rehabilitering må stå som eige tema Mork - avsluttet
Kommunikasjon mellom pasient og helseforetak	Tema til fokus. BU er involvert i webinar.
Samvalg	Oppfylt gjennom deltaking og orientering.

## Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tok for seg Handlingsplanen med status på saker som var satt opp som fokussaker.

## 62/23 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 62/2023 i møte den 16.10.2023

## Behandling

Følgjande brukarrepresentantar deltek saman med leiar for brukarutvalet i styremøta resten av året:

- Onsdag 18. oktober Paula Næss Skaar Janne Remøy Endresen
- Onsdag 15. november Paula Næss Skaar Lasse Honningsvåg
- Onsdag 20. desember (tentativ) - **Brukarutvalsmøtet i desember utgår.**

### \* Spørsmål til Brukarutvalet HMR frå Tommy Frøseth Aae, overlege ved ortopedisk avdeling Kristiansund Sjukehus og forskingsgruppeleder:

«I forbindelse med planlegging av studier, så er det ønskelig at vi får med brukermedvirkning på dette. Dette er da ortopedisk forskning og de første prosjektene omhandler artrose i hofta og kne.

Jeg lurer derfor på om

- 1) man kan få innspill fra brukarutvalget mtp de planlagte studiene vi har
- 2) forslag til forskningstema som brukarutvalget synes er viktig?»

### \* Spørsmål frå prosjektleder i We&We2U, Knut Asbjørn Ulstein, om å få kome å halde ei orientering om prosjektet.

Brukarrepresentant Lasse Honningsvåg vil svare at Brukarutvalet ønskjer ein skriftleg førespurnad med kopi til klinikkisjef for psykisk helse og rus, Ståle Hoff

**\* Spørsmål frå brukarrepresentant i Fagleg samarbeidsråd om ein skal bli sittande fire år i rådet sjølv om ein går ut av Brukarutvalet i perioden. Iflg. leiar i Brukarutvalet sit ein så lenge ein er valt for.**

## **Vedtak**

**Innspel frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal til Tommy Frøseth Aae, overlege ved ortopedisk avdeling Kristiansund Sjukehus og forskingsgruppeleder:**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal ser det som svært viktig at det blir forska på førebyggjande tiltak for å redusere ortopediske inngrep.